

I PORTUGAL MED EUROPEISKE NYHETER

TEKST & FOTO: JØRUND LIEN

På hjortejakt med nye Merkel RX Helix Alpinist, Kahles Helia 2,4–12x50 og RWS Silver Selection 11,7 g UNI Professional.

FER ER PÅ MONTERIA I PORTUGAL, region er ved Mancha Maior og eg sit under ei korkeik utrusta med det nyaste av jegerredskap. Merkel RX Helix Alpinist med RWS Silver Selection 11,7 g UNI Professional i kammer og magasin, på rifla er like nye Kahles Helia 2,4–12x56. Bakgrunnen for jakta er sjølvsagt at eit utval av jakt- og våpenskribentar skal få ein gjennomgang og presentasjon av det nyaste frå Merkel, Kahles og RWS, og ikkje minst prøve produkta i praksis, både på skytebane og på jakt.

DEN FØRSTE DAGEN er skytebaneteneste med profesjonell skyteinstruktør. Først er det innskyting av rifle, sikte, patron og skytter, så skyting mot diverse mål for å klargjere jegerar og rettrekker til Monteria med lettbeina vilt. Det meste av skytinga er derfor kjapp skyting med målveksling, og dei fleste får skote opp mot 100 skot med Merkel RX Helix Alpinist denne dagen. Utan nokon som helst problem i det heile – kanskje med unntak av litt sår skulder ...

MEN NÅ ER JAKTA I GANG. Det er slett ikkje vanskeleg å høyre med 250 hundar springande lause i drevet. Losen går både her og der. Min post er som før skriva, under ei einsleg korkeik i ein bakke. Dalen framfor meg er utan større vegetasjon før tettskogen byrjar 150 meter frå meg. Oversikta er derfor svært god – så god at viltet ikkje vil ut i det opne dei første



Fleire store bukkar kom på post.

par timane. Derimot ser eg stadig hjort i skogen på toppen av åskammen, dryge to hundre meter vekk. Men det er bare sjå og ikkje skyte – bakgrunnen er mest blå himmel utan kulefang.

LIKEVEL er det ein sann fryd å sitje stille og stadig finne nye hjortar i handkikkerten. På parolen om morgonen var beskjeden klar: Alle kunne felle ein bukk og to hindar – ikkje meir. Derimot var alle villsvin, bortsett frå førande sugge, fritt vilt. Og endå meir viktig: ingen skot utan sikker bakgrunn, og det var heilt og absolutt forbudt å forlate posten før ein vert henta av den som sette oss ut. Enkle og fornuftige jaktreglar.

MED OPE TERRENG og god sikt har eg stilt Kahles 2,4–12 på seks gonger forstørring. Eg såg for meg at det mest truleg vart skot på vilt som kom litt ut av skogen og at skyteavstanden dermed vart hundre meter og vel så det. Etter som tida gjekk har eg sikkert sett over 100 hjort utan at dei har våga seg ned frå åsryggen og ut av skogen, men så dreg ein intens los brått i gang oppe på åsen ikkje langt frå meg. Rett etterpå kjem hind og bukk springande i full fart meir eller mindre rett mot meg. Utan å justere ned forstørringa fyljer eg dei i kikkertsiktet, og i det dei kjem ut av buskane i våtsiget i botnen av dalen framfor meg er det litt avstand mellom bukken og hinda som kjem først ut – dermed kan eg trygt sette kula inn mellom bog og hals.

*Vellykka resultat av første jakt med
Merkel RX Helix Alpinist, Kahles Helia
2,4-12x56 og RWS Silver Selection 11,7
g UNI Professional.*



Europeiske våpennyheter

**30-06 RWS Silver
Selection 11,7 g UNI
Professional.**

HINDA RASAR FEM – SEKS METER FRAM-OVER bare av farten før den ramler. Eg har alt ladd om og raudprikken i sikket finn bukken. Men den er ikkje særleg stor så avtrekkerfingeren held seg i ro. Godt er det, eg ser bevegelse yst i synsfeltet: hind, kalv og bukk kjem i full fart i same spor som dei første. Bukken spring bak hind og kalv rett mot meg, å skyte er ikkje å tenke på. I det dei kjem på rekke opp av buskane er bukken bak hind og kalv og Helixen smell på nytt.

BUKKEN får den 11,7 gram tunge RWS UNI Professional på omtrent same stad som hinda: på innsida av bogen skrått bakover. Fluktsrekninga vert litt lengre, men ikkje lengre enn at eg ser den går i bakken etter omtrent 20 meter. Det var heller ingen tvil om skotreaksjonen, sjølv om den heilt klart sette opp farten dei første meterane etter skotet. Etterpå syner avstandsmålarer i 10x42 EL Range at det var omtrent førti meter til skotplassen. Det var greitt nok sjølv om Kahlesen stod på 6x, men med post i tett skog er synsfeltet på 2,4x ein stor fordel.

EFFEKTEN frå nye 11,7 g RWS UNI Professional i 30-06 var heilt upåklageleg, med stor gjennomtrengingsevne. Hinda hadde innslag i framkant bog og utslag midt bak. Bukken var så stor at den stoppa kula. Korleis resultatet av skota



var fekk eg ikkje sjå, dyra vart lagt fram heile på viltparaden og etterpå vart dei tatt hand om av personell frå eit slakteri. Men for meg som ikkje fekk gjere opp hjortane sjølv var alt greitt, skoteffekten var god. Eg høyrde heller ingen andre jegerar klage – ikkje over skoteffekt, sikte eller rifle. Heller ikkje over viltmengde ...

RETT ETTER at bukken var felt kom det sjølvsagt fleire hjortar ut i det opne. Ein mindre bukk, hind og ein som mest truleg var større enn den falne. Eg benytta sjølvsagt anledninga til å fotografere Etter dette såg eg bare bukk denne jakt-dagen. Men neste dag, med bare vill-svin som lovleg vilt, hoppa og sprang hjortehindane rundt meg. Jakt er jakt!



Ingen grunn til å klage over resultatet på jakta med Mancha Maior.

MERKEL RX HELIX ALPINIST

Løpslengde: 51, 56 eller 61 cm
Vekt: ca 3 kg med 56 cm 17 mm løp
· Rettrekkermekanisme med oppspenner
· Syntetstokk med justerbar kolbekam
· Fluta eller rundt løp

KAHLES HELIA 2,4-12X56

Vekt: 689 gram
Lengde: 361 mm
Augeavstand: 95 mm
Synsfelt 100 m/2,4x: 16,5 m
Synsfelt 100 m/12 x: 3,3 m
· Belyst retikkel

RWS SILVER SELECTION 11,7 GRAM UNI PROF.

Kaliber: 30-06
Ammo: RWS Silver Selection 11,7 g UNI Professional
Utgangshastighet: 850 m/s
Bc: 0,367

RWS UNI PROFESSIONAL

· To blykjerner, fremste skal ekspandere/fragmentere, bakre held saman og gjev god inntrenging. Ny kuleform med høgare bc og betre presisjon enn UNI Classic
· RWS Silver Selection UNI Professional vert levera i 308 Winchester, 30-06 og 300 Winchester Magnum i år.